



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 13/2020

Møtedato: 28.4.20

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

S784, Murkelie – søknad om endring av sel

Stølsbrukaren søkjer om å få endre inngangsparti på selet. Arealet blir omtrent det same som tidlegare. Søkjar opplyser at stølen blir brukt til slått for sal og avtale om drift ved leigd arbeidskraft er lagt ved til orientering.

Stølen er etter fjellova i bruk og skal behandlast etter §10 i stølsforskrift: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet. Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.*

Fjellstyret har ikkje motteke uttale frå Statskog.

Utdrag frå Innlandet fylkeskommune, kulturarvenheten si uttale datert den 3.4.20:

Søknaden omfatter riving av eksisterende tilbygg med pulttak samt oppføring av nytt tilbygg med saltak og overbygget inngangsparti. Fasadeendringer omfatter også utskiftning av vinduer med nye smårutete vinduer. Bygningen er ikke SEFRAK-registrert. Tilbygget er i henhold til historiske flybilder oppført etter 1965. Vedlagt søknaden er kort redegjørelse for planlagt tiltak, tegninger av omsøkte tiltak samt bilder av stølen. Tilbygget er planlagt ca 5,2 m bredt og 3 m ut fra selet, med samme mønehøyde som selet. Tilbygget fremstår som noe dominerende i forhold til det opprinnelige selet. For at tilbygget, skal fremstå som et tilbygg, underordnet selet, anbefales det å redusere bredden og høyden på tilbygget noe, slik at mønehøyden blir lavere en selet. Murkelie ligger innenfor område avsatt til LNF i gjeldende kommuneplan samt innenfor Stølsvidda - utvalgte kulturlandskap i jordbruket. For nye tiltak er det derfor viktig å ta hensyn til stølslandskapet. Det forutsettes at tiltaket utføres i samsvar med den tradisjonelle byggeskikken i stølslandskapet for øvrig, der tradisjonelle metoder, material- og fargebruk legges til grunn. Kulturarvseksjonen har vurdert mottatt søknad og vil ikke motsette seg omsøkte tiltak under forutsetning av at tilbyggets høyde og bredde reduseres og at tiltaket utføres i tråd med den tradisjonelle byggeskikken i stølslandskapet.

Fylkeskommunen har merknader til breidde og høgde på tiltaket. Inngangsparti brukar ikkje vera så dominerande samanlikna med selet. Administrasjon delar fylkeskommunen sitt syn på at det vore betre med eit smalare og lågare tilbygg. Fjellstyret har tidlegare godkjent slik utforming på andre sel. Samanlikna med noverande utforming, vil det nye inngangspartiet uansett vera betre tilpassa lokal byggeskikk. Fjellstyret kan godkjenne motteke søknad, men oppmode søkjaren om å tilpasse utforming i samsvar med uttale frå fylkeskommunen.

Framlegg til vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden etter §10 stølsforskrift. Fjellstyret ber søkjaren vurdere å endre utforming av tilbygget i samsvar med merknader frå fylkeskommunen. Ved ev. endring ber fjellstyret å få tilsendt nye teikningar til orientering.

Vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden etter §10 stølsforskrift. Fjellstyret ber søkjaren vurdere å endre utforming av tilbygget i samsvar med merknader frå fylkeskommunen. Ved ev. endring ber fjellstyret å få tilsendt nye teikningar til orientering.

Vedtaket er samrøystes.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 7.5.20

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Stølsbrukar
Vestre Slidre kommune
Statskog
Fylkeskommunen